



# Stad kommune

## Nordfjordeid skule

Dato: 27.09.2021

### Medlemmer i Samarbeidsutvalet (SU) og Skulemiljøutvalet(SMU)

Pedagogar	Nikolai Heggedal Tone Nilsen	X x
Andre tilsette	Kathrine M. Bjørnholt	x
FAU-leiar	Jøran Rise	
FAU-nestleiar	Lene Marie Midthjell	x
Elevråd - leiar	Nikolai Kostopoulos Rindal	x
Elevråd - nestleiar	Iiril Midthjell Myklebust	x
Stad kommune - skule	Anne-Grete Eikås/Bjørn Bakke	xx
Stad kommune - politisk	Hans Petter Gilleshammer	
SMU: Føresett	Benedikte Dæmring	x
SMU: Elev	Alliyah Villamor Ludwig	

### **Skulemiljøutval (SMU):**

Samarbeidsutval (SU) + ein føresett + ein elev

## Referat frå møte i SMU og SU

**Dag:** Onsdag 22.09.2021

**SMU:** Kl. 19.30 - 20.30

**SU:** Kl. 20.30 – 21.00

**Stad:** Personalrommet

### **Saker SMU kl. 19.30 - 20.30:**

#### **1. Oppgaver til Samarbeidsutval (SU), Skulemiljøutval (SMU) og elevrådet.**

Vi gjekk gjennom oppgåvene til SU, SMU og elevråd. Sjå lovtekst under.

#### ***Opplæringslova § 11-1. Samarbeidsutval ved grunnskolar***

*Ved kvar grunnskole skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter, blir behandla i samarbeidsutvalet.*

*Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.*



## Stad kommune Nordfjordeid skule

### **§ 11-1a. Skolemiljøutval ved grunnskolar**

*Ved kvar grunnskole skal det vere eit skolemiljøutval. I skolemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen vere representerte. Skolemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.*

*Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skolemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skolemiljøutval, må det oppnemnst tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.*

*Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av lovfesta teieplikt blir behandla i skolemiljøutvalet. Når elevane ikkje er til stades, skal foreldrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarande bortfallet av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foreldrerepresentantar aukast tilsvarande.*

*Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet, jf. kapittel 9a.*

### **§ 11-2. Elevråd ved grunnskolar**

*Ved kvar grunnskole skal det for årstrinna 5-7 og for årstrinna 8-10 vere eit elevråd med representantar for elevane. Kommunen fastset talet på elevrepresentantar. Representantane skal veljast seinast tre veker etter at skolen har teke til om hausten.*

*Ein medlem av undervisningspersonalet på skolen skal ha som oppgåve å hjelpe elevrådet i arbeidet. Denne elevrådskontakten har møte- og talerett i elevrådet.*

*Leiaren for elevrådet kan kalle inn til møte i rådet i samråd med elevrådskontakten. Rådet skal i alle høve kallast inn når ein tredel av medlemmene i rådet eller rektor krev det.*

*Elevrådet skal fremje fellesinteressene til elevane på skolen og arbeide for å skape godt lærings- og skolemiljø. Rådet skal også kunne uttale seg i og komme med framlegg i saker som gjeld nærmiljøet til elevane.*

Leiar, nestleiar og skrivar i elevrådet presenterte seg. Det er lærar Mirjam Bruvoll som er elevrådskontakt og har ansvar for å hjelpe elevrådet i arbeidet.

### **Saker frå elevrådet**

Innspel frå 7A om at dei ønskjer tilbod om sukkerfri sjokolademelk.

FAU gjorde i vår vedtak om at skulen har tilbod om lettmeik 1 % fett, lettmeik 0,5 %, laktosefri melk og havredrikk. Endring må ev. vurderast ved neste påmeldingsrunde.

7. trinn ønskjer nye stolar. Skulen ser dette som aktuelt og vil vurdere om det er rom for å gjere innkjøp på 2021-budsjettet eller 2022-budsjettet.



## Stad kommune Nordfjordeid skule

### 2. Informasjon frå FAU-møtet same dag

#### Val

Kort informasjon om kven som vart valde til ulike verv i FAU.

#### Planar

-**Kommunedelplan for oppvekst** – under utarbeiding

-**Verksemdplan for Nordfjordeid skule** - gjennomgang av to av oppgåvene i planen:

#### **1. Fysisk aktiv læring**

*Nordfjordeid skule planlegg samarbeid med Senter for fysisk aktiv læring (SEFAL), som eit ledd i fagfornyinga. Det blir og ei vidareføring av tidlegare utviklingsarbeid om læringsmiljø og trivsel.*

*Fysisk aktiv læring (FAL) er eit samleomgrep for læringsprosessar der elevane er fysisk aktive. FAL utvidar lærarane sitt didaktiske repertoar og bidreg til elevane si læring.*

*Dei tilsette vert inkluderte i dette arbeidet gjennom SEFAL si rettleiing, og deira oppsett. Dei tilsette tek aktiv del i dette gjennom planlegging og utprøving av undervisningsopplegg.*

*Samarbeidet med SEFAL vil styrke dei tilsette sin tryggleik i læringsleiing, klasseleiing og relasjonsarbeid.*

#### **2. Samarbeide med Areal og eigedom om oppgradering av uteområdet**

*Nordfjordeid skule*

- *Bygging av ballbinge vest*
- *Montere resterande utstyr til aktivitetsløypa på midtområdet - to trampoliner og vippe*
- *Etablering av sykkeløype*
- *Etablering av utandørs undervisningsareal aust for Eidahallen*
- *Oppgradering av fasade (Male raude veggplater)*
- *Samkøyre foreldredugnad*

#### Ordensreglar

Gjennomgang av ordensreglane - ligg på nettsida til Stad kommune, Nordfjordeid skule.

#### Læringsmiljø

Foreldreutvalet for grunnopplæring (FUG) sine råd i høve forventningar til heim-skulesamarbeid:

#### **Fag/læring:**

***Skulen kan forvente at du som føresett:***

*følgjer opp heime*

*tek kontakt ved behov*



## Stad kommune Nordfjordeid skule

*sørgjer for at eleven møter tidsnok og utkvilt på skulen  
passar på at eleven viser respekt for alle på skulen  
passar på at eleven følgjer reglane til skulen*

**Foreldra kan forvente at skulen:**

*gir undervisning etter lovverk og planar  
stimulerer til læringslyst  
har tilsette som er gode rollefigurar  
gir elevane tilbakemeldingar om den faglege og sosiale utviklinga  
har gode og innhaldsrrike utviklingssamtalar  
har gode og innhaldsrrike foreldremøte*

**Tryggleik og trivsel:**

**Skulen kan forvente:**

*at du gir barnet ditt positive haldningar til skulen  
at du tek kontakt dersom barnet ikkje trivst  
at du deltek på foreldremøte  
at du samarbeider med dei andre føresette*

**Foreldra kan forvente:**

*at dei kan ha ein jamleg dialog om den faglege og sosiale utviklinga til eleven  
at skulen er open for samarbeid  
at skulen har nulltoleranse for mobbing, vald og rasisme  
at skulen tek kontakt ved behov*

**Regelverk om skulemiljø - opplæringslova kap. 9A**

*Skulen skal arbeide systematisk og utan avbrot for at alle elevar skal ha det trygt og godt på skulen (gjeld òg leksehjelp og SFO).*

*Det er derfor viktig med eit konstruktivt og godt samarbeid mellom elevar, foreldre, rådsorgan og skule. Foreldra skal ha ei aktiv rolle.*

*Om det oppstår ei hending der ein elev kjenner seg krenkt, oppfordrar vi sterkt til tett dialog.*

NB!

Respekt for kvarandre og lærarane

Vaksenstyrt kvardag både heime og på skulen

Positiv haldning til skulen og lærarane gir auka motivasjon og læring

Om noko ikkje fungerer, må heimane ta dette opp med kontaktlærar

God kontakt er viktig for godt samarbeid

**Smittevern**

-Vi er på grønt nivå pr. 22.09.2021. Dette inneber:

-Ingen sjuke skal møte på skulen, sjølv med milde symptom

-Det er viktig å halde avstand der det er mogleg

-Normalt reinhald og god handhygiene

Truleg endringar allereie komande helg.

Sjå oppdatert informasjon på [udir.no](http://udir.no) og [stad.kommune.no](http://stad.kommune.no).



# Stad kommune Nordfjordeid skule

## **Gratisprinsipp**

Gratisprinsippet gjeld i grunnskulen. Vi legg ikkje opp til sal av ulike produkt i skuletida. Klassene kan ha klassekasse, men det er frivillig for føresette å betale. Det blir vippsa eller betalt kontant til klassekontaktane.

Elevbedrifter kan selje produkt gjennom førehandsbestilling eller til dømes på «stand» i sentrum.

7. trinn reiser på overnattingstur til Tua om hausten. Det blir arrangert sal av mat og drikke på julefestane i desember. Det er føresette til 6.- og 7. trinn som arrangerer, og inntektene går til turen til Tua om hausten og avslutningsfesten om våren i 7. trinn.

## **Garderoberutinar - kroppsøving**

I dag:

Kroppsøving: Elevane byter om og dusjar frå 3. trinn

Symjing: Elevane byter om og dusjar frå 1. trinn

FAU tenkjer det er viktig at lærarane dusjar saman med elevane og slik kan vere gode forbilde.

### **3. Heim-skule samarbeid**

#### **Sjumilssteget**

Sjumilssteget motiverer foreldre og barn til å vere saman for å skape eit trygt oppvekstmiljø. Aktivitetsarka gir idear til kva ein kan gjere saman.

#### **Uteområdet**

Det vart valt to representantar frå FAU, Øystein Høvig og Lillian Kråkenes, til å vere med i uteområdegruppa som skal arbeide vidare med å utvikle uteområdet og halde det ved like.

Medlemmer i gruppa:

Rektor/assisterende rektor	Anne-Grete Eikås/Peder Felde
Lærerrepresentant	Kenneth Vedvik
Elevrepresentant- leiar elevråd	Nikolai Kostopoulos Rindal
To FAU-medlemmer	Øystein Høvig Lillian Kråkenes

Det vert kalla inn til møte i uteområdegruppa i veke 43.

#### **Trafikksikker kommune**

Kort informasjon om at Stad kommune er ein av 10 kommunar som er godkjende som Trafikksikker kommune. Barnehagar og skular skal lage plan for trafikktryggleik innan mars 2022.



## Stad kommune Nordfjordeid skule

### Trafikksituasjonen i Skulevegen

Tiltak i 2020-2021: Brev til heimane, politiet observerte trafikksituasjonen morgon og ettermiddag, vi sende brev til Stad kommune og Statens vegvesen med forslag om skilting og innsnevring m.m. Det var synfaring og reportasje i Fjordabladet. Konklusjonen er at skilting og innsnevring som midlertidig løysing ikkje blir gjort. Vi må vente på Reguleringsplan for skuleområdet. Den blir truleg vedteken hausten 2022 eller våren 2023.

På møtet kom det fram gode idear på kva som kan gjerast for å betre trafikktryggleiken: Vakt ved overgangane i skulevegen? Kven gjer det? Ta kontakt med Frivilligsentralen? Gjerde der det er rekkverk i dag? Vippeport mot nord? Betre lyssetting?

Forslag om at skulen sender brev til heimane med blant anna oppfordring om å ikkje stoppe i Skulevegen og slegge av barna. Foreldra bør og gjere avtale med barna om påstiging ein annan stad enn i Skulevegen.

Det bør også oppfordrast til at elevar frå 3.-4. trinn bør gå og sykle til skulen. Foreldra til 1.- og 2. trinn kan køyre heilt fram til skulen.

### **3. Eventuelt**

#### Kommunikasjon, møtedag og tidspunkt

Informasjon om innkalling og referat vert sendt til alle heimane i Vigilo med link til heimesida.

### Saker SU kl. 20.30 - 21.00:

#### **1. Budsjett 2022**

Informasjon om prosessen framover. Avdelingane gjer ferdig konsekvensjustert budsjett 2022 innan 01.10.2021 og deretter innspel til økonomiplan 2022-2025.

Vi vil fokusere på IKT, oppgradering av uteområdet og bygg/anlegg der SFO-bygget treng meir areal til garderober, kjøkken, kontor og lager.

Fløyen mot vest treng nytt ventilasjonsanlegg. Elles trengs det fornying av inventar.

#### **2. Eventuelt**

Ingen saker

Anne-Grete Eikås  
- skrivar -